

**Fra:** Baaserud, Atle <atle.baaserud@statsforvalteren.no>  
**Sendt:** tirsdag 3. oktober 2023 14:08  
**Til:** Postmottak Alver; postmottak@askvoll.kommune.no; Askøy kommune; Postmottak Aurland; Postmottak Austevoll; Post Austrheim; Bergen kommune; Postmottak Bjørnafjorden kommune; Bremanger kommune; Bømlo kommune; Postmottak Eidfjord kommune; Etne kommune; Postmottak Fedje; Fitjar kommune; post@fjaler.kommune.no; Gloppen kommune; Postmottak Gulen kommune; postmottak@hyllestad.kommune.no; Høyanger kommune; Kinn kommune; Postmottak Kvam kommune; Postmottak Kvinnherad kommune; Luster kommune; Lærdal kommune; Post Masfjorden kommune; Postmottak Modalen; Post Osterøy; Postmottak Samnanger; Sogndal kommune; post@solund.kommune.no; Stad kommune; Stord kommune; postmottak@stryn.kommune.no; Sunnfjord kommune; postmottak@sveio.kommune.no; Tysnes kommune; Ullensvang kommune; Postmottak Ulvik kommune; Postmottak Vaksdal; Vik kommune; Postmottak Voss herad; Postmottak Øygarden; postmottak@ardal.kommune.no  
**Emne:** Innmelding av barnehagar til regional ordning for kompetanseutvikling 2024  
**Vedlegg:** Informasjon om Rekomp- til kommunane\_2023.pptx

### **Til barnehageansvarleg i kommunen,**

Det er ein årleg avgjerd om kva barnehagar som skal vere med i den regionale ordninga for kompetanseutvikling i barnehage. Hovudtiltaket i den regionale ordninga er barnehagebasert kompetanseutvikling. Ordninga går ut på at universitets- og høgskulesektoren (UH) og dei prioriterte barnehagane inngår i partnarskap om bestemte utviklingsprosjekt. Kommunen som barnehagemyndigheit skal ha oversikt over tilstand og kompetansebehov i barnehagane. Dette gjeld både dei kommunale barnehagane og dei private barnehagane.

Kommunen melder inn barnehagar med eit identifisert behov for kompetanseutvikling til sin kompetanseregion. Kompetanseregionen vil deretter utarbeide ein innstilling til kva for barnehagar som skal prioriterast, og sende denne til Statsforvaltaren i Vestland. Det er Samarbeidsforum som tek endeleg avgjerd. Etter planen skal barnehagane vere vald ut og få midlane til utviklingsprosjekta innan 15. april 2024. Tal på barnehagar som kjem med i ordninga er avhengig av kor mykje midlar vi får til neste år, og storleiken på barnehagane som blir innmeldt. Midlane skal gå til barnehageeigar, og utbetalinga skjer via kommunen som barnehagemyndigheit.

Vi ber kommunen som barnehagemyndigheit om å informere barnehagane om korleis dei skal gå fram lokalt for å melde behov til neste års opptak. Barnehagemyndigheita må melde frå til sin kompetanseregion **innan 31. januar 2024** om kva for barnehagar dei vil ha med i ordninga. Barnehagemyndigheita må da òg informere om kva for tematisk satsingsområde (av dei fire) den einskilde barnehagen har vald, korleis dei har vurdert eller kartlagt behovet sitt, og kven som er barnehagen sin kontaktperson. Dersom barnehagen blir vald ut til å vere med i ordninga, vil dei få tildelt ei av våre lokale høgskular som sin kompetansepartner. Barnehagen kan ikkje velje kompetansepartner sjølv.

Vedlagt finn de ein PowerPoint-presentasjon som kommunen kan nytte når de informerer om ordninga til barnehagane. De finn og meir informasjon om ordninga på våre [nettsider](#).

Ta gjerne kontakt ved eventuelle spørsmål.

Med venleg helsing  
**Atle Baaserud**  
seniorrådgjevar



## Statsforvaltaren i Vestland

Telefon: 55 57 21 63

E-post: [atle.baaserud@statsforvalteren.no](mailto:atle.baaserud@statsforvalteren.no)

Web: [www.statsforvaltaren.no/vl](http://www.statsforvaltaren.no/vl)